



Rosendal ungdomsskule er den mest nedslitte skulen i Kvinnherad, meiner mange.

**Rosendal Ungdomsskule, der det også går mange uskedelinger, er sterkt nedslitte og kommunelegen gjentek no fleire pålegg.. Med 15. februar som ny frist for utbetring krev han at vedlikehaldet og sanitæranlegget må betrast og påpeiker at skulen manglar tilfredsstillande belysning.**

Utgangspunktet er ein tilsynsrapport frå tidlegare i år. Leiinga ved skulen har sendt tilbakemelding og opplyst at merknadene om reingjering, vedlikehald og førstehjelp er utbetra. Når det gjeld merknad om at skulen manglar ventilasjonsanlegg i andre høgda, vert det opplyst frå leiinga at skulen har dette.

Kommunelegen peikar på at avvika i tilsynsrapporten som går på det bygningsmessige – dårleg vedlikehald og belysning – ikkje er utbetra og fristen for dette var 15. juni.

I tilbakemeldinga frå skulen står det at ein vurderer at pålegget om å gjera noko er todelt. Det hevda at punkta på merknadsskjemaet er verksemndsleiar sitt umiddelbare ansvar medan avvika som går på det bygningsmessige må skule-eigar ta seg av, slik løyvingane er fordelte.

Men kommunelegen gjer det klart at avvika må bli utbetra uavhengig av ansvarsfordeling i kommunen.

Av Ola Matti Mathisen